



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune – eigedom 51/1 Reguleringsplan Furnes masseuttak Fråsegn til offentleg ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev datert 03.11.2021 som gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Furnes massetak med tilhøyrande konsekvensutgreiing.

Varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram var utført så langt tilbake i tid som i 2007. Planprogrammet vart godkjent i kommunestyret same år. Dette er så lang tid tilbake at vi meiner det er naudsynt å varsle ny oppstart. Dette fordi det må sikrast at saka er så godt opplyst som mogleg og legge til rette for reell medverknad. Å sikre at saka er så godt opplyst som mogleg, tilseier at saksgrunnlaget må bygge på aktuell og relevant informasjon. Sidan det vart varsla oppstart sist kan fleire tilhøve og føresetnader ha endra seg. Det kan også vere nye parter som må sikrast høve til å medverke i planprosessen. Ut frå dette vil vi påpeke at det vil utgjere ein saksbehandlingsfeil dersom det ikkje blir varsla oppstart på nytt.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING

NVE vest

Postboks 1010 Nordre Ål

Fylkeshuset

Postboks 3021 Lade

Naustdalsvegen 1b

2605

6404

7441

6800

LILLEHAMMER

Molde

TRONDHEIM

FØRDE